


Tiltaksstrategiar 2021 - 2024

Nærings og miljøtiltak i skogbruket

Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Tiltak i beiteområde



Innhald

1.	Innleiing	3
1.	Bakgrunn	3
2.	Prosess.....	3
3.	Søknadsfristar.....	3
4.	Godkjenning	3
2.	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket.....	4
1.	Overordna retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)	4
2.	Nøkkeltal for skogarealet	4
3.	Oversikt over tilskotssatsar for ÅLA 2021-24	4
4.	Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar	4
5.	Tilskot til drift med taubane, hest o.a.....	6
6.	Tilskot til skogkultur	7
3.	Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL.....	9
1.	Innleiing og lovgrunnlag	9
2.	Landbruket i Årdal, Lærdal og Aurland i dag	9
3.	Tiltak som kan få SMIL-midlar	9
4.	Mål og prioriteringar	9
5.	Søknad og kommunal sakshandsaming	10
6.	Døme på SMIL prosjekt i Årdal, Lærdal og Aurland	11
4.	Tiltak i beiteområde.....	12
1.	Innleiing og lovgrunnlag	12
2.	Beiteområder i Årdal, Lærdal og Aurland.....	12
3.	Aktuelle tiltak	12
4.	Mål og prioriteringar	13
5.	Søknad og kommunal sakshandsaming.....	13

Foto i dokumentet er eigm av Felles Landbrukskontor ÅLA og Skog i Sogn.

1. Innleiing

1. Bakgrunn

I samband med kommunereforma er det overført fleire tilskotstordningar til kommunane. Mellom anna *Nærings og miljøtiltak i skogbruket, Spesielle tiltak i jordbruket – SMIL* og *Tilskot til tiltak i beiteområde*.

Kommunane er pålagd å utarbeida retningsliner i samband med forvaltning av desse midlane som kommunane har forvaltningsansvar for.

2. Prosess

Felles Landbrukskontor ÅLA har saman med Skog i Sogn utarbeida strategien. Det er valt å utarbeida ein felles strategi for dei tre tilskotsordningane.

Utkast til strategi vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland og landbruksnæringa i Årdal, Lærdal og Aurland.

3. Søknadsfristar

- Nærings og miljøtiltak i skogbruket : **fortløpande**
- Spesielle miljøtiltak i jordbruket: **15.april**
- Tiltak i beiteområde: **15.april**

4. Godkjenning

Dei lokale retningslinjene er politisk handsama i kommunane:

Årdal: KS 25.03.2021

Lærdal: KS 11.02.2021

Aurland: KS 11.02.2021



2. Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

1. Overordna retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Formålet med NMSK-midlane er stimulering av auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivareteke og vidareutvikla.

Under NMSK ligg tilskot til skogkultur, vegbygging, miljøtiltak i skog, drift med taubane og uttak av skogvirke til bioenergi og tilskot til andre tiltak i skogbruket.

Skog i vekst er positivt med omsyn til karbonbinding, men det er også viktig at vi tek omsyn til andre miljøinteresser og friluftsliv. Vi viser til rapporten «Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane», «Verdiskapingsplanen for landbruket i Sogn og Fjordane» og til notat om «Arealforvaltning og klimatiltak i Sogn og Fjordane».

Fylkesmannen meiner det bør vurderast å setje i gong fellestiltak for fleire kommunar for å få opp aktiviteten innan skogkultur, og ber kommunane vurdere å bruke delar av NMSK-løyvinga til felles skogkulturmotivasjonsprosjekt.

2. Nøkkeltal for skogarealet

Det produktive skogarealet i Årdal, Lærdal og Aurland (ÅLA) ligg på om lag 280 000 daa. Her veks det om lag 6000 daa granplantingar, 80 000 daa furuskog og 194 000 daa lauvskog. Eit serpreg med skogen i ÅLA er den gode kvaliteten på den naturlege furuskogen med god høgde- og dimensjonsvekst.

3. Oversikt over tilskotssatsar for ÅLA 2021-24

	Tiltak	Tilskotssats
Veg	Traktor- og sekundærveg	25 – 45 %
Nybygg /ombygging	Bilveg og tilkomstveg	30 – 60 %
	Kl. 5	30 – 45 %
Drift av taubane, hest o.a.	Dagens tømmerpris (01.01.20 340kr/m ³)	140,- kbm gran 150,- kbm furu
Skogkultur	Planting/plantekjøp Ungskogpleie	50 – 70 % 70 %

4. Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: «*Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.*» Vidare står det at vegen skal vere godkjend etter «*forskrift om planlegging og bygging av landbruksveier*» eller plan- og bygningslova.

Vegstandard:

Vegen må ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og skal byggjast i samsvar med gjeldande «*normalar for landbruksveier*».

Prioritering:

- Vegar (ny bygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vear bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Bilvegar framfor traktorvegar

Traktorvegar i vegklasse 7 kan likevel vere tilkomstveg. Hugs lønsemd bilveg/traktorveg der det løysast ut under 100 dekar, som nemnd ovanfor.

Tilskotssatsar:

- Tilskot til sekundærvegar/traktorvegar: 25 – 45 %.
- Tilskot til bilvegar og tilkomstvegar: 30 – 60 % .
- Tilskot til bilvegar kl. 5: 30 – 45 %, men bør nedprioriterast.
- Detaljplanlegging: +4 prosentpoeng
- Utarbeiding av anbod: +3 prosentpoeng
- Oppfølging av anlegget under bygging: +3 prosentpoeng

Skogsvegar i vegklasse 2 til 7 kan for vegen sitt dekningsområde få tilskott med inntil kr 7 000 per dekar for areal i hkl. 2 – 4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160,- per m³ gran og furuskog i hkl. 5. For lauvskog inntil kr 100,- per m³ i hkl. 5. Vear som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal likevel prioriterast ned.

Vilkår for tilskot:

- Vegen skal vedlikehaldas i den standard den er bygd. Vedlikehaldsavtale skal vera underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt.
- Det kan setjast vilkår om nyplanting av gran på skogsmark som eignar seg for granplanting tilsvarande 1 dekar per 5 000 kr gjeve i tilskot.
- Hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. Areala skal vere kartfesta på den einskilde eigedom før tilskot blir løyvd.
- Søkjær skal frigje opplysningsar og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.
- Vegen skal byggjast etter den godkjende veglina, og anlegget skal føra fram til det punkt som er oppgjeve i søknaden.

Søknad og sakshandsaming :

- Søknad skal skje på fastsett søknadsskjema og sendast til kommunen med kartgrunnlag.
- Kostnadane for vegen skal vere kjent før ein søker. Anbod eller fast pris er vanleg.
- Løyve til avkøyring frå offentleg veg skal vere gjeve før det vert søkt om tilskot.
- Det skal førast rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene i rekneskapen skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats. Grunnlag for utbetaling av tilskot er rekneskapssamdrag .
- Organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til må førast på skjemaet.

5. Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

I NMSK-forskrifta står det: «*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder*.

Vilkår

Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette.

Det skal frigjevast opplysninga og akseptere dei kontrolltiltak som skogbruksmynda bestemmer.

Det må gjennomførast registrering av miljøkvalitetar (MiS) i området.

Søkjer må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borprøve eller tal årringar) i søknad om tilskot, før handsaming. Det skal takast prøver i ulike deler av hogstfeltet. Lågaste alder for å gje tilskot:

<i>Bonitet Lågaste totalalder</i>	<i>Tillegg til alder målt i brysthøgde</i>
G26 og betre	55 år
G23	60 år
G20	70 år
G17	80 år
G 14	90 år
	+ 10 år
	+ 12 år
	+ 13 år
	+ 14 år
	+ 16 år

Tilskotssatsar

For å møta tømmermarknaden betre, har vi ei variabel tilskotsordning som i større grad kan gjere gjennomføring av skogsdriftene føreseielege for skogeigarar og entreprenør når tømmerprisane endrar seg.

Tilskot, kr per m³ :

- Gran: variabelt tilskot på 48 000,- /gjennomsnittleg virkespris
- Furu og lauv: variabelt tilskot på 56 000,-/ gjennomsnittleg virkespris
- Hestedrifter og løypestreng: 150,-

Prioritering

Hogst av stormfelt skog skal prioriterast.

Søknad og sakshandsaming

Søknad om tilskot skjer på skjema LDIR-916 før drifta vert sett i gang. Utfylt skjema og vedlegg sendast kommunen seinast seks 6 veker før planlagd oppstart av drifta.

Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot:

- Dokumentasjon på at det er gjennomført miljøregisteringar i skog (MIS). I område utan MIS-registreringar dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med PEFC sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregisteringar og alle skogsvegar (bil- og traktorvegar), eventuelt kart direkte ført inn i ØKS.
- I kommunen sitt vedtak skal naturmangfaldslova sine prinsipp om offentleg mynde (§7) innarbeidast og legge til grunn for avgjersla om tilskot.

- Oppmoding om utbetaling av tilskot skjer på kopi av søknadsskjemaet som følgde søknaden, med ny påteikning av reelt hogd volum, i tillegg kart og kopi av målenota.
- Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar, må dette merkast på søknadsskjemaet. Husk: Org.nummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til.
- Tilskotet vert trekt inn utan nærare varsel etter tre månader dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

6. Tilskot til skogkultur

Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er utført. Tilskot til forynging av skog og ungskogpleie er eit av dei viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon.

Prioriteringar

- Pliktig forynging etter hogst.
- Planting i nye områder på vegetasjonstypar som blåbær- og småbregnemark.
- Suppleringsplanting
- Kvalitetsfremjande tiltak for ulike lauvtreslag. Dette i form av rydding av uønskt treslag, avstandsregulering og stammekvisting.
- Ungskogpleie tiltak i barskog, rydding av uønskt treslag i plantefelt, avstandsregulering og stammekvisting på furu.
- Prosjekt ungskogpleie - Skogkulturmotiveringsprosjekt (sjå under)

Tilskotssatsar

- Til planting og plantekjøp vil ÅLA-kommunane ha ei tilskotssats på 50 %, men vil ha mogelegheit for å gi opp til 70% i særlege høve og til planting av gran på nye områder.
- Tilskotssatsen til ungskogpleie er 70%, med eit kostnadstak på kr 700,-/ daa.
- Skogkulturtiltak i område der skogeigarane samarbeider på tvers av eigedomsgrensene har mange fordeler og skal ha 5 prosentpoeng høgare tilskotssatsar.
- Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit tilskot på 60% for kostnaden av inntil 50 planter per dekar med krav om at plantetalet etter suppling tilfredsstiller det fastsette minimumstal per dekar.
- Ved nyplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på 80 % for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar.

Førehandsgodkjenning

Når det gjeld organisering av skogplantinga har denne endra seg mykje den siste tida. Tidlegare hadde kommunen full oversikt over tingingar, plantekvalitet og tidspunkt for planting m.m. No er stort sett all plantinga overlate til skogeigarorganisasjonane utan førehandsgodkjenning av dei skogfaglege i kommunane. ÅLA-kommunane set difor følgjande føringer for tilskot til skogkultur:

Allle søknadar skal på førehand godkjennast av kommunen med vekt på følgjande:

- Rett treslag, rett plantetal, rett tiltak på rett plass – tilrådeleg skogfagleg.
- Krav til plantekvalitet. (for eksempel 2-årige plantar på høg bonitet og på hogstfelt som er 3 år eller eldre med konkurrerande vegetasjon).
- Krav til tidspunkt for planting (vår>haustplanting)

- Minsteareal på 2 daa.
- Det bør være økonomisk tilrådeleg.
- Det skal være teke naudsynt miljøomsyn, styre plantinga inn mot eigna eksisterande hogstareal og relevante attgroingsareal, styr unna planting på nye areal med sterke interessekonfliktar.



Skogkulturmotiveringsprosjekt

Det interkommunale skogsamarbeidet ***Skog i Sogn*** ønsker å sette fokus på ungskogpleie.

Tiltak på ungskogpleie er faretruende lågt og med konsekvensar på lågare kvalitet på framtidsskogen.

Tiltak vil være registrering av felt, oppsökjande verksemd, arrangere skogdagar, etablere demonstrasjonsfelt m.m.

Prosjektet vil gjelde alle dei 7 kommunen i Sogn regionen og vil bli styrt av vertskommunen Sogndal.



3. Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL

1. Innleiing og lovgrunnlag

Overordna retningsliner for bruk av SMIL-midlar er fastsette i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket av 2004*.

Formåle med ordninga er:

SMIL-tilskot skal bidra til gjennomføring av tiltak utover det som kan forventast som ein del av den vanlege jordbruksdrifta.

2. Landbruket i Årdal, Lærdal og Aurland i dag

Landbruksaktivitet har vore ein viktig faktor i utforming av det landskapsbilete me har kring oss her i Sogn. Me ser at det no er mindre beitedyr, tungdrive areal vert gradvis helde mindre i hevd, og skogen veks opp på areal som tidlegare var opne. Endringane skuldast både omlegging av landbruksdrifta på landbrukseigedomane, og klimaendringar. Mykje av det landskapet som var ope og lyst held på å gro att.

Kommunane Aurland og Lærdal har areal som er innskrive på *UNESCO* si verdsarvliste for natur- og kulturarv. I Årdal er det fleire område med vernestatus, som *Utladalen landskapsverneområde* og *Jotunheimen nasjonalpark*. Lærdal har status som *Utvalde kulturlandskap*. Dette er eit bevis for at verdiane i landskapa våre er av høg verdi, både nasjonalt og internasjonalt.

Felles for alle kommunane er at den beste måten å ta vare på jordbrukslandskapet, er med aktivt landbruk. Årdal, Lærdal og Aurland har eit mangfold i jordbruket som syner eit unikt kulturlandskap i kontinuerleg utvikling. Ressursutnyttinga på dei mange eigedomane er god, og utifrå kvar sine naturgevne tilhøve.

Landskapet er eit fellesgode produsert av aktiv landbruksdrift som ålmenta kan glede seg over.

3. Tiltak som kan få SMIL-midlar

Aktuelle prosjekt som kan støttast med SMIL-midlar:

- Kulturlandskap
- Biologisk mangfold
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Avrenning til vatn
- Utslepp til luft
- Plantevern

4. Mål og prioriteringar

Hovudmålsetjinga med SMIL midlane er – forskrifta § 1:

«Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioritieres ut fra lokale målsettinger og strategier.»

Tiltak som skal prioriterast:

- Tiltak som er knytt til *aktivt landbruk* og der det ligg føre klare mål for å ivareta natur- og/eller kulturminneverdiar.
- Om bygningar (ikkje freda) eller prosjekt ingår i rapportar, verneområde, planar eller målsetjingar som er utarbeidd med formål for å ivareta natur- eller kulturverdiar.
- Tiltak som er til nytte for ålmenta.
- Ved restaureringsprosjekt skal det leggjast vekt på om restaureringa går ut over det ein kan rekne som naturleg vedlikehald av bygningsmasse eller kulturminne.
- Områder og tiltak som har høg natur- og kulturminneverdi.

Tilskotsnivå

Tilgjengelege midlar det ein skilde år i høve til innkomne søknadar vil være avgjerande for støttenivå.

For planlegging og tilretteleggingsprosjekt kan det ytast eingongsstønad på inn til 100% av godkjent kostnadsoverslag.

Kulturlandskaps- og forureiningstiltak kan det ytast eingongsstønad på inn til 70% av godkjent kostnadsoverslag. I særskilte høve for ivaretaking av biologisk mangfald, kan det ytast eingongsstønad på inn til 100% av godkjent kostnadsoverslag.

5. Søknad og kommunal sakshandsaming

Søknad skal sendast til kommunen elektronisk via søkerportalen Altinn.

Søknadsfrist er 15.april.

Tiltaket skal ikkje vera påbegynt før søknad vert sendt inn.

Søknad må innehalda fylgjande:

- Kostnadsoverslag
- Kart merka med tiltak, kulturminne, viktige natur- og miljøkvalitetar og fare for erosjon
- Foto og/eller teikning av omsøkt tiltak
- Målsetjing for omsøkt tiltak
- Avtale med grunneigar om tiltaket skjer på leigd areal/i sameiga
- Gjødslingsplan
- Journal over plantevernmiddel

Rettleiande satsar for eigeninnsats:

• Planlegging av tiltak	kr 150 pr/t
• Manuell utført eige arbeid	kr 200 pr/t
• Bruk av motorsag og ryddesag	kr 300 pr/t
• Bruk av traktor	kr 400 pr/t
• Bruk av gravemaskin tom. 4 tonn	kr 400 pr/t
• Bruk av gravemaskin over 4 tonn	kr 800 pr/t

Ved istandsetjing og rydding av gamle jordbrukslandskap vert det sett ei ramme på 1000, 2000 eller 3000 kr per daa. Tiltaket vert vurdert etter om tiltaket vert rekna som lett, middels eller sær arbeidskrevjande. Vurdering vert bestemt ved synfaring.

Det er kommunane som gjer vedtak om løyving av SMIL-mildar. Fullmak til handsaming er delegert til administrasjonen. Søknaden vert handsama i Agros og er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren er klageinstans.

Vilkår

Kommunen set vilkår for kvart enkelt tiltak for å sikre at tiltaket vert gjennomført forsvarleg etter lover og forskrift, og at det vert sikra framhald av skjøtsel og vedlikehald av tiltaket framover i tid.

Utbetaling

Før kommunen kan tilvise sluttutbetaling av løyvd tilskot, må det ligge føre rapport med sluttrekneskap. Ved behov skal kommunen synfare tiltaket for ferdiggodkjenning.

Det kan gjevast delutbetaling etter kvart som prosjektet vert utført og det ligg føre dokumentasjon på dette. Minst 25% av tildelt tilskot skal haldast attende til alt arbeid er fullført og sluttrapport og reknescap er godkjent.

- Utbetalingsanmodning skal sendast via Altinn

6. Døme på SMIL prosjekt i Årdal, Lærdal og Aurland



4. Tiltak i beiteområde

1. Innleiing og lovgrunnlag

Overordna retningsliner for bruk av beitebruksmidlar er fastsette i *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 2013 sist endra 1.1.2020*. Tilskot til tiltak i beiteområde skal bidra til best mulig utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremma fellestiltak i beiteområda.

Kommunen skal ha ein eigen tiltaksstrategi som fortel korleis det skal prioriterast mellom dei ulike typane av tiltak lokalt. Tiltaksstrategien skal ikkje vera ein omfattande analyse, men kortfatta. Den skal skissera kva som er viktigast i våre kommunar ut i frå føremålet med tilskotsordninga. Felles Landbrukskontor ÅLA, har ansvar for handsaming av denne tilskotsordninga for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

Prosess og lokal forankring

Tiltaksstrategien i Årdal, Lærdal og Aurland kommune for tilskot til tiltak i beiteområder skal fastsetjast innanfor rammene til *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder av 2013 sist endra 1.1.2020*, og Rundskriv «2019-45» *Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder*.

2. Beiteområder i Årdal, Lærdal og Aurland

Landbruksaktivitet og beitedyr har vore ein viktig faktor i utforming landskapsbilete i Årdal, Lærdal og Aurland. Det er i fjella i desse kommunane dokumentert unike beiteresursar som gjev høg slaktekvalitet på dyr som har beita her. Områda er både registrerte og kartfesta for sine gode beiteressursar. Det er svært viktig å legge til rette for beitedyr i desse fjellområda. Dette er viktig både for matproduksjon og for utnytting av naturressursane.

3. Aktuelle tiltak

Prosjekt som kan støttast med midlar frå ordninga *Tilskot til tiltak i beiteområde* er til dømes:

- Planlegging av faste installasjoner
- Ny organisering av beitelag og utmarksområde
- Prosjekt for stimulering av auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Utprøving av nytt utstyr for effektiv og god beitebruk
- Sperr gjerde
- Ferist
- Bru
- Gjetarbu inn til 20 m²
- Sankeanlegg
- Transportrampe
- Rydding og utbetring av driftevegar
- Elektrisk gjerde
- Elektronisk overvåkingsutstyr (*radiobjelle, findmysheep, drone, lammenoder, merkeavlersar m.m.*)
- Andre tiltak som er i tråd med formålet til tilskotsordninga

4. Mål og prioriteringar

Hovudmålsetjinga med *Tilskot til tiltak i beiteområde* er å stimulere til føremålet i *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* som lyder:

«§ 1. Formål

Formålet med tilskuddet er å legge til rette for best mulig utnyttelse av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene.»

Tiltak som skal prioriterast:

Ved løyving av midlar skal fylgjande leggast vekt på ved prioritering:

- Tiltak som fremmar dyrevelferda på utmarksbeite.
- Tiltak som er til nytte for beitedyra, grunneigarar og årmenta.
- Ved restaureringsprosjekt skal det leggjast vekt på om restaureringa går ut over det ein kan rekne som naturleg vedlikehald.
- Områder og tiltak som har påverknad for å ivareta beiteresursar med både natur og kulturminneverdi.

5. Søknad og kommunal sakshandsaming

Søknad skal sendast til kommunen elektronisk via søkerportalen Altinn.

Søknadsfrist er 15.april.

Tiltaket det vert søkt om, skal ikkje vera påbegynt før søknad vert sendt inn.

Søknad må innehalda fylgjande:

- Kostnadsoverslag
- Kart merka der tiltaket skal gjennomførast
- Foto og/eller teikning av omsøkt tiltak
- Målsetjing for omsøkt tiltak
- Avtale med grunneigar om tiltaket skjer på leigd areal/i sameiga

Det er kommunane som gjer vedtak om løyving av *Tilskot til tiltak i beiteområde*. Fullmakt til handsaming er delegert til administrasjonen. Søknaden vert handsama i Agros og er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren er klageinstans.

Tilskotsnivå

Tilgjengelege midlar det ein skilde år i høve til innkomne søknadar vil vera avgjerande for støttenivå.

Det kan ytast eingongstilskot med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.

For inntil 50% av dyretalet i beitelaget eller besetningen, kan det ytast eingongstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag ved investering av elektronisk overvakingsutstyr.

Det kan ytast eingongstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag ved planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Vilkår

Kommunen set vilkår for kvar enkelt tiltak for å sikre at tiltaket vert gjennomført forsvarleg etter lover og forskrift, og at det vert sikra framhald av skjøtsel og vedlikehald av tiltaket framover i tid.

I *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* er det sett vilkår om at lag og foreiningar som kan tildelast midlar etter denne forskriften skal vere registrert i einheitsregisteret i Brønnøysund. For føretak det av naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid kan og tildelast stønad etter *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder*. Stat, fylke og kommune må søkje gjennom lag eller foreiningar der ein eller fleire har rett på produksjonstilklegg etter *Forskrift om produksjonstilkudd*.

Utbetaling

Før kommunen kan tilvise sluttutbetaling av løyvd tilskot, må det ligge føre rapport med sluttrekneskap. Ved behov skal kommunen synfare tiltaket for ferdiggodkjenning. Det kan gjevast delutbetaling etter kvart som prosjektet vert utført og det ligg føre dokumentasjon på dette. Minst 25% av tildelt tilskot skal haldast attende til alt arbeid er fullført og sluttrapport og rekneskap er godkjent.

